



På
bilete er Roald Kaldestad (f.v.), Marit Ragnhild Lothe, Bjørg Rørtveit, Kristine Thorkildsen og John Rullestad. Foto: PRIVAT

Samla festivaltrådane

Arrangørane bak tre litteraturfestivalar møttest på Stord for ein siste prat før det heile er i gang.

- [Anita Hauglandanita@sunnhordland.no](mailto:Anita.Hauglandanita@sunnhordland.no)

Publisert 29.08.2014 kl. 03.45. Oppdatert kl. 12.56.

A-A+

Litteraturfestivalane Falturiltu, SILK (Skudeneshavn) og bLEST (Tysvær) møttest tysdag i Stord kulturhus, for å ta ein siste prat før festivalane set i gang.

– Bakgrunnen for samarbeidet er at desse festivalane går omtrent på same tid, og difor har me valt å inngå eit samarbeid om annonsering og booking av forfattarar til regionen. På tysdag hadde me eit møte for å samla trådane, seier Roald Kaldestad til Sunnhordland.

Han fortel at dei tidlegare har hatt møte både i Tysvær og i Skudeneshavn.

Falturiltu går av stabelen 2. - 7. november, og i midten av neste veke går arrangørane ut med årets program.